

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 04.12.2007, 14:00 - 16:30
Møtestad: SAS Bryggen Hotell Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Gisle Handeland
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	
Nestleiar	
Gunnar Berge	
Medlem	
Helge Espelid	
Medlem	
Reidun Korsvoll	
Medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Magnar Lussand	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Ellen Solheim	
Medlem	
Gunvor Sunde	
Medlem	

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomisjef Terje Arne Krokvik
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

Saker:	
100/07 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
101/07 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 8. november 2007
102/07 O	Administrerende direktør si orientering
103/07 B	Rapportering frå verksemda per oktober 2007
104/07 B	Felles miljøpolitikk for Helse Vest
105/07	Eventuelt

Presentasjon av Apoteka Vest HF ved styreleiar Ragnhild Osmundsen

Styreleiar Ragnhild Osmundsen presenterte Apoteka Vest HF, med fokus på korleis Apoteka Vest arbeidar for å møte framtida.

Apoteka Vest har ei målsetting om å vere ein leverande eining til Helse Vest:

- o som arbeidar med dei rette tinga
- o har rett kompetanse som matchar kunden sitt behov med rett person på rett plass
- o som nyttar tilgjengeleg teknologi og kompetanse
- o som er konkurransedyktig på logistikk og best på tenester

Nøkkeltal for Apoteka Vest HF:

- o Apoteka Vest HF har ein årleg omsetning på 547 millionar kroner, fordelt på 4 sjukehusapotek:
- o Sjukehusapoteket i Bergen (273 mill kr)
- o Sjukehusapoteket i Stavanger (156 mill kr)
- o Sjukehusapoteket i Haugesund (72 mill kr)
- o Sjukehusapoteket i Førde (46 mill kr)
- o Helseføretaket har 198 tilsette i 173 årsverk

Økonomi:

- o Apoteka Vest HF har levert resultat i samsvar med budsjett sidan 2002.
- o Prognose for 2007 er på 4,4 millionar betre enn budsjett.
- o LIS samarbeidet har ført til reduserte kostnader for Apoteka på 662 millionar nasjonalt. Helse Vest sin andel av dette vil i 2006 vere på 127 millionar kr.

Viktige milepælar i 2008:

- o Avklare om Apoteka Vest skal inngå i eit nasjonalt selskap
- o Etablere grossiststrategi – mellom anna handtering av TNF-hemmarar
- o Avklare nasjonal produksjonsløyse for legemiddel
- o Samordne sjukehusapoteka i Helse Vest til ei eining
- o Førebu elektronisk samhandling med sjukehusføretaka

100/07 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Nytt styremedlem:

Gunnar Berge vart i føretaksmøte 16. november 2007 valt som styremedlem i styret for Helse Vest RHF.

Gunnar Berge vart presentert og ønskja velkommen i styret.

Forfall:

Gisle Handeland hadde meldt forfall til møtet.

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut på e-post og delt ut i møte:

- Brev frå HDS til Helse Vest RHF, dagsett 271107 – Økte pensjonskostnader i 2007 og 2008. Konsekvenser for HDS
- Brev frå HDS til Statsråd Sylvia Brustad, dagsett 271107 – Økte pensjonskostnader i 2007 og 2008. Konsekvenser for HDS
- Statsråd Sylvia Brustad sitt svar til Gunvald Ludviksen (V), dagsett 271107
- Styresak 075/07 V frå Helse Førde HF – Specialisthelseteneste i Florø – omstilling/driftsendringar – Samla saksframstilling

Eventuelt:

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

Rusbehandling og psykiatri – resultat i Helse Vest (Ellen Solheim)

Lokalsjukehus/Nærsjukehus/Distriktsmedisinske senter/B-sjukehus (Reidun Korsvoll)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

101/07 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 8. november 2007

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 8. november 2007.

102/07 O Administrerande direktør si orientering

1. Pålegg om å rette forholda ved akuttpostane /korttidsavdelingane i Helse Bergen HF – rapportering for oktober 2007

Helse Vest RHF stilte i brev av 25.09.07 krav overfor Helse Bergen HF om at det frå og med 27.09.07 ikkje skulle vere korridorpasientar i akuttmottak/korttidavdelingar i psykisk helsevern.

Det har frå det tidspunktet og fram til dags dato ikkje vore nytta korridor plassar i akuttmottaket eller korttidsavdelingane i Helse Bergen HF.

Helse Vest RHF følgjer med utgangspunkt i "sørge for" ansvaret saka nøye på overordna nivå, med detaljert rapportering på belegg, gjennomføring av tiltak, evaluering og vurdering av behov for nye tiltak. Helse Vest RHF vil framleis ha ei tett oppfølging av Helse Bergen og i samarbeid med Helse Bergen sikre at tiltaka gir ein langsiktig effekt.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

103/07 B Rapportering frå verksemda per 31. oktober 2007**Kommentarar:**

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon per 31. oktober 2007.

Aktivitet:

Som ved førre rapportering er aktiviteten i Helse Vest målt i sjukehusopphald, lågare enn den var på same tid i 2006.

Målar ein aktiviteten i DRG-poeng er den høgare enn i 2006 grunna at DRG-indeksen er høgare enn den var førre året. Ei auke i DRG-indeksen kan skuldast ein kombinasjon av fleire forhold. Det kan ha blitt behandla færre "lette" pasientar, behandla fleire "tunge" pasientar eller sjukehusopphalda er koda meir komplett.

Den polikliniske aktiviteten som framleis er finansiert av NAV i 2007 er 2 % høgare enn den var på same tid i 2006.

Ventetid:

Ventelistetala per 31. oktober syner at nedgangen i dei gjennomsnittlege ventetidene som vi tidlegare har observert etter sommaren, har fortsett vidare ned innan somatikk, psykisk helsevern for vaksne og psykisk helsevern for barn og unge.

Epikrise:

Målsettinga om at 80 prosent av epikrisane skal være sende innan 7 dagar etter utskriving er ikkje oppnådd innan nokon av fagområda. Den høgste delen finn me innan rusbehandling som hadde 74 % per 2. tertial 2007. Innan somatikk har delen epikrisar gått ned etter sommaren, men stig igjen frå september til oktober.

Økonomi:

Tabellen viser resultatet per oktober, samt prognosen for året.

Hittil pr. oktober	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik	Årsprognose	Årsbudsjett	Avvik
Apoteka Vest	3 357	4 458	-1 101	4 287	4 387	-100
Helse Bergen	-146 158	-112 099	-34 059	-203 000	-153 000	-50 000
Helse Fonna	-42 577	-16 388	-26 189	-37 400	-38 000	600
Helse Førde	-71 523	-14 396	-57 127	-128 200	-46 000	-82 200
Helse Stavanger	-95 111	-25 511	-69 600	-130 000	-60 000	-70 000
Kjøp av helsetenester	11 989	-8 655	20 644	25 000	-7 000	32 000
Helse Vest (Mor)	5 132	507	4 625	0	0	0
Helse Vest IKT	334	3 183	-2 849	233	233	0
Sum	-334 557	-168 901	-165 656	-469 080	-299 380	-169 700
Reserve i RHFet				107 000		107 000
Resultat uten reserve				-362 080	-299 380	-62 700

Helse Fonna har eit resultat i oktober som er om lag i balanse. Helse Bergen har det største negative avviket med kr 29,7 mill. Helse Stavanger har eit negativt avvik på kr 10,5 mill, medan Helse Førde har eit negativt avvik på kr 7,7 mill. For alle tre helseføretaka er hovudårsaka til dei negative avvika er meirkostnader på lønn.

Medarbeidarar:

Netto månadsverk held seg i gjennomsnitt for føretaksgruppa så langt i år under gjennomsnitt for 2006. Dette var det overordna målet for føretaka. .

Utviklinga for sjukefråværet er positiv og det er grunn til å tru at det over tid er mogleg å nå målet på 4,5%. Helse Vest har det lågaste sjukefråværet av helseregionane.

Rekruttering av overlegar til ledige stillingar i føretaksgruppa er kome inn ein ny fase. Både Helse Fonna og Helse Stavanger har retta spørsmål om dei kan få delta i rekrutteringsprosessen frå Polen. Dei siste avklaringane frå desse føretaka kom så vidt seint

at det var vanskeleg å trekka dei med i første gruppa. Helse Vest vil følgja opp rekrutteringa frå Polen svært nøye og vil delta i ulike aktivitetar for å understøtta programmet.

Omdømme:

Tiltru til tenesta:

Resultat: Gjennomsnitt på 77 %, det vil seie 3 prosentpoeng opp frå september.

Inntrykk av det regionale helseføretaket :

Resultat: Ned 1 prosentpoeng til 50 % frå september til oktober. Det er store svingingar mellom helseføretaka frå månad til månad.

Styret presiserte at helseføretaka må intensivere arbeidet med å nå 80% kravet på epikrisetid.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok verksemdsrapport per 31. oktober 2007 til etterretning

104/07 B Felles miljøpolitikk for Helse Vest

Kommentarar:

Regjeringa fastsette i 2001 fylgjande mål for å integrere miljøhensyn i statlege verksemdar: *Alle statlege etatar og verksemdar skal innan utgangen av 2005 ha innført miljøleing som ein integrert del av styringssystemet til organisasjonen.*

I strategidelen til Helse 2020, som nyleg er vedtatt av styret, er det under pkt 2, Innleiing, uttalt ei målsetting som får relevans for det framtidige arbeidet med miljøvern i helseføretaka: *"Arbeidet med Helse 2020 har mellom anna lagt til grunn fylgjande: Vi legg vekt på at den samla verksemda vår skal vere miljøbevisst og vil handle deretter."*

Med bakgrunn i at status i miljøarbeidet i helseføretaka er variert og langt på veg manglar forankring i overordna policy og målstyring, bør det vedtakast ein felles miljøpolitikk og felles overordna miljømål for helseføretaka i Helse Vest.

I inneverande år er det oppretta eit regionalt, fagleg nettverk for miljøvern i Helse Vest der helseføretaka saman med Helse Vest RHF er representert. Målsettinga med nettverket er å styrkje miljøvernarbeidet i helseføretaka og understøtte arbeidet med å organisere og byggje opp miljøleinga i helseføretaka

Miljøpolitikken som blir vedtatt for Helse Vest vil gi retning og føringar for helseføretaka sitt miljøarbeid og må derfor forankrast i styret for Helse Vest

Ein føreslår at den overordna miljøpolitikken for Helse Vest består av to element: Ein felles miljøpolitikk og eit sett med felles miljømål.

Dei endelege målsettingane for 2008 må utarbeidast i samarbeid med helseføretaka, og gå fram av Styringsdokument 2008 til helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret fastset felles, overordna miljøpolitikk for helseføretaka i Helse Vest i samsvar med tilrådinga.
Dei endelege målsettingane for 2008 blir fastsett i Styringsdokumentet for 2008, etter innspel frå og i samråd med helseføretaka.
2. Styret legg til grunn at helseføretaka vidarefører miljøvernarbeidet i samsvar med dei føringane og målsettingane som har kome til uttrykk i saka.

105/07 Eventuelt

Rusbehandling og psykiatri – resultat i Helse Vest (Ellen Solheim)

Ellen Solheim ba om ei styresak som viser kva resultat Helse Vest ha oppnådd innan rusbehandling og psykiatri.

Når det gjeld psykiatri vil dette gå fram av styresak om vidareføring av psykiatrisatsing i Helse Vest etter at Opptappingsplanen blir avslutta i 2008.

I høve til rusbehandling var det semje om å avvente styresak til vi har meir dokumentasjon i høve til oppfølging av vedteke plandokument og til vi har noko lengre erfaring med LAR-behandling.

Lokalsjukehus/Nærsjukehus/Distriktsmedisinske senter/B-sjukehus (Reidun Korsvoll)

Reidun Korsvoll ba om eit notat til neste styremøte som viser kva som er definisjon og krav til innhald i lokalsjukehus, nærsjukehus, distriktsmedisinske senter og B-sjukehus.

Notatet skal og vise kor i helseregionen vi har de ulike institusjonane.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF, dagsett 16.11.07
- Protokoll frå kontrollkomitemøte i Helse Vest RHF, dagsett 07.11.07
- Brev frå Helse Vest RHF til kommunar og fylkeskommunar i regionen, dagsett 13.11.07 "Invitasjon til å foreslå kandidatar til styra i helseføretaka under Helse Vest RHF"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 15.10.07 "Vedrørende valg av styrer for helseforetakene i Helse Vest RHF"
- Kopi av brev frå ordførarane i Stavanger-regionen til helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad, dagsett 12.11.07 "Uttalelse om nevrokirurgitilbudet ved Stavanger Universitetssjukehus"
- Brev frå HOD til Helse Vest, dagsett 05.11.07 "Ny redningshelikopterbase i Florø – etablering av legeordning"
- Brev frå Haraldsplass Diakonale Sykehus til Helse Vest RHF, dagsett 05.11.07 "Økte pensjonskostnader for spesialisthelsetjenesten i 2007 og 2008"
- Brev frå HOD til RHF, dagsett 05.11.07, "Oppfølging etter møtet om avtaler vedrørende tjenestetilbudet fra psykisk helsevern til fengselsinnsatte"
- Brev frå Riksantikvaren til Helse Fonna HF, dagsett 05.11.07 "Stord sjukehus i Stord kommune Verne vurdering - landsverneplan"
- Kopi av brev frå Helse Førde HF til Flora kommune, dagsett 02.11.07 "Nærsjukehuset - avklaringar"
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 30.10.07 "Tilsyn med Haugaland A-senter – oversendelse av endelig rapport"
- Kopi av notat frå Helse Bergen HF, dagsett 05.11.07, "Salg av Vestlundveien 22 D"
- Brev frå Helse Vest til Statens helsetilsyn, dagsett 08.11.07 "Pålegg om å rette forholdene ved akuttpostene/ korttids- avdelingene i Helse Bergen HF"

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut på e-post og delt ut i møte:

- Brev frå HDS til Helse Vest RHF, dagsett 27.11.07 – Økte pensjonskostnader i 2007 og 2008. Konsekvenser for HDS
- Brev frå HDS til Statsråd Sylvia Brustad, dagsett 27.11.07 – Økte pensjonskostnader i 2007 og 2008. Konsekvenser for HDS
- Statsråd Sylvia Brustad sitt svar til Gunvald Ludviksen (V), dagsett 27.11.07
- Styresak 075/07 V frå Helse Førde HF – Spesialisthelseteneste i Florø – omstilling/driftsendringar – Samla saksframstilling

Styret vart orienterte om vedtak frå styret i Helse Førde HF i styresak 075/07 – Spesialisthelseteneste i Florø – omstilling/driftsendringar. Samla saksframstilling var sendt ut til styret.

Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør

Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør vart utsett til oppsummering av evalueringsskjema som styremedlemmene har sendt inn til helse- og omsorgsdepartementet ligg føre.

Ref. Torunn Nilsen
Bergen 4. desember 2007

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Sett:

Reidun Korsvoll

Gisle Handeland

Ellen Solheim

Magnar Lussand

Gunnvor A. Sunde

Aslaug Husa

Inger F. Hamborg

Helge Espelid